

BACHELOROPPGÅVE

Barnehagens bruk av naturen for motorisk utvikling

The kindergarten's use of nature for motor development

Ingeborg Flatjord Kjøsnes
Kandidatnummer: 209

BLU3-1006
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.
Høgskulen på Vestlandet
Barnehagelærarutdanning, heiltid
Veileder: Kjersti Johannessen
07.01.2021

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

1.0 Innholdsliste	s.2
--------------------------	-------	-----

2.0 Innleiing	s.3
----------------------	-------	-----

2.1 Begrepsavklaring	s.3
----------------------	-------	-----

3.0 Teori	s.4
------------------	-------	-----

3.1 Motorikk	s.4
--------------	-------	-----

3.2 Motorisk usikre barn	s.5
--------------------------	-------	-----

3.3 Naturen som arena for motorisk utvikling	s.5
--	-------	-----

4.0 Metode	s.8
-------------------	-------	-----

4.1 Datainnsamling	s.9
--------------------	-------	-----

4.2 Utval	s.9
-----------	-------	-----

4.3 Kritikk til metode	s.10
------------------------	-------	------

4.4 Etisk vurdering	s.10
---------------------	-------	------

5.0 Empiri	s.10
-------------------	-------	------

5.1 Tilrettelegging av naturutflukter	s.10
---------------------------------------	-------	------

5.2 Naturen som arena for motorisk utvikling	s.11
--	-------	------

6.0 Drøfting	s.13
---------------------	-------	------

6.1 Tilrettelegging av naturen som arena	s.13
--	-------	------

6.2 Naturen som arena for motorisk utvikling	s.15
--	-------	------

6.3 Motorisk usikre barn	s.17
--------------------------	-------	------

7.0 Avslutning	s.17
-----------------------	-------	------

8.0 Litteraturliste	s.19
----------------------------	-------	------

9.0 Vedlegg	s.22
--------------------	-------	------

9.1 Intervjuguide	s.22
-------------------	-------	------

9.2 Informasjonsskriv til respondentar	s.25
--	-------	------

2.0 Innleiing

Gjennom tre år på barnehagelærarstudiet har eg fått eit inntrykk av at natur og friluftsliv kan vere ein sentral del av barnehagekvardagen. Inntrykket har eg fått ved ei blanding av undervisning, praksis og barnehagen sine lovverk. Lovverka seier blant anna at barn skal få gode opplevingar med friluftsliv året rundt. Personalet i barnehagen skal legge til rette for varierte naturopplevingar og nytte naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring (Kunnskapsdepartementet, 2017). Meld. St. 18 (Klima-og miljødepartementet, 2016) påpeiker betydinga av gode erfaringar med friluftsliv i tidleg alder, noko som gjer barnehagen til ein viktig arena. Lov om barnehager (2005, §1) seier at barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Verdien av friluftsliv er forankra i lovverka barnehagen skal forhalde seg til, og bør difor vere ein sentral del av barnehagekvardagen.

Motorisk utvikling i naturen er eit tema som eg syntes er svært spennande. Eg tenker at naturen kan vere ein betre arena enn uteleikeplassen, fordi terrenget er ulendt, i tillegg til at barna ikkje har leiketøy tilgjengelig. Barna må sjølv sjå mogelegheitene naturen har å tilby dei. Fjørtoft & Sageie (2000) underbygger påstanden min om at naturen stimulera motorisk utvikling i større grad enn uteleikeplassen, noko vi skal sjå nærmare på seinare i teksten. I mine tidlegare praksisperiodar har eg erfart at området utanfor barnehagen i liten grad blir nytta. Barnehagane har både skog og fjøre i nærområdet, utan å utnytte det optimalt. Likevel opplev eg at personalet har ei forståing av kvifor naturen er ein viktig arena for motorisk utvikling. Med bakgrunn i dette er problemstillinga mi; **Korleis nyttar barnehagen naturen som arena for barns motoriske utvikling?**

Oppgåva har ein kvalitativ tilnærming, der fokuset er på å få fram respondenten sitt syn på naturen, samt korleis dei i praksis nyttar naturen som arena for motorisk utvikling. I teoridelen skal vi sjå nærmare på motorikk og naturen som arena for motorisk utvikling.

2.1 Begrepsavklaring

Med **natur** meiner vi alt av område som er utanfor barnehagen sitt uteområde.

Naturutflukter vil sei utflukter utanfor barnehagen sitt uteområde, og friluftsliv går inn under same begrep. Vi meiner barnehagen sitt uteområde når vi snakkar om **uteleikeplassen**.

Med **leiketøy** meiner vi gjenstandar barnehagen har kjøpt inn, altså bøtter, spadar, bilar og liknande.

3.0 Teori

3.1 Motorikk

Motorikk handlar om alle typar bevegelsar som blir utførde. Osnes, Skaug & Kaarby (2020) definerer motorikk som bevegelse eller samspel mellom nerve og muskel. Det må altså skje eit samspel mellom musklane, hjernen og nervesystemet for at ein bevegelse skal bli utført. Personens motivasjon og sjølvoppfatning, det sosiale og fysiske miljøet spelar også ein rolle på korleis bevegelsen blir utførd.

Motorikkomgrepet blir ofte delt i grov-og finmotorikk. Grovmotorikk gjeld heile kroppen eller dei store muskelgruppene, altså bevegelsar der enten heile eller store delar av kroppen er i bevegelse (Moser, 2018).

Aktivitetar som stimulera dei grovmotoriske ferdighetene kan vere å gå, springe, hoppe eller klatre.

Finmotorikk handlar om dei små muskelgruppene, der det ofte stillast krav til presisjon og koordinasjon (Moser, 2018). Aktivitetar som stimulerer finmotorikken kan vere perling, teikning eller bruk av puttekasse.

Motorikk kan delast i fleire underkategoriar, blant anna motorisk åtferd, motorisk utvikling og motorisk læring. Motorisk åtferd er synonymt med bevegelsesmåtar, altså å rulle, krabbe, gå eller springe (Osnes, et.al. 2020). Motorisk utvikling definerast av Sigmundsson & Pedersen (2000) som endring i motorisk åtferd over tid, og blir ofte sett i samanheng med alder og ferdigheitsnivå. Motorisk læring blir definert som relativt permanente endringar i evna til å utføre ein motorisk ferdighet (Schmidt, 1991). Nilsen, Andersen, Loftesnes, Johannessen, Ylvisaaker & Aadland (2019) deler motorikkbegrepet i lokomotoriske ferdigheter, objektkontroll og balanseferdigheter. Med lokomotoriske ferdigheter meiner dei å bevege kroppen gjennom rommet, i hopp eller løp. Objektkontroll er manipulering av objekt, til dømes å kaste eller ta imot ein ball. Balanseferdigheter er både dynamisk og statisk balanse.

Fleire studiar viser at det er ein samanheng mellom fysisk aktivitet og motorisk utvikling (Nilsen et.al. 2019; Nilsen, Anderssen, Johannessen, Aadland, Ylvisaaker, Loftesnes & Aadland, 2020). Nilsen et.al (2019) underbygga at barnehagebarn bør gjennomføre aktivitetar i høg intensitet for å forbetre den grunnleggande motorikken, og at eit tilstrekkeleg grunnlag av motorikk er viktig for engasjement i fysisk aktivitet med høgt intensitetsnivå. Nilsen et.al. (2020) fann også at dei barna som dreiv med fysisk aktivitet i moderat til høg intensitet, presterte betre på alle sjekkpunkta i studien to år seinare. Vi ser det difor som viktig at barn blir støtta og motivert til gode motoriske opplevelingar gjennom fysisk aktivitet. Barnehagen kan blant anna gje barna gode motoriske opplevelingar ved bruk av naturen. Osnes et.al. (2020) beskriv det som motoriske opplevelingar i kroppsleg leik der barnet opplev glede, meistring og motivasjon. Med gode motoriske opplevelingar vil det bli enklare å oppleve meistring og suksess fordi utforskinga blir lystbetont og gjev motivasjon til å utfordre seg sjølv. Gjennom arbeidet kan barnehagen danne eit godt grunnlag for barnets aktivitet seinare i livet. Bruk av naturen vil gje barna eit breiare spekter av motoriske ferdigheter, fordi dei får variasjon i miljø og terrengr. På uteleikeplassen er terrenget ofte flatt, med lite variasjon og fleire leikeapparat. Naturen gjev barna utfordringar med ulendt terrengr, glatte og sleipe overflater, steinar

som kan gje etter og høge tre til å klatre i (Sandseter, 2018). Variasjonen i terrenget stimulerer ulike aktivitetsbehov hos barnet.

3.2 Motorisk usikre barn

Motoriske utfordringar kan i nokre tilfelle føre til at barnet slit i sosial samanheng. Grunnen kan vere at barnet ikkje heng med i leiken, og opplev både det sosiale samspelet og sjølve leiken som ekstra utfordrande. Barn som slit med å meistre det dei andre barna enkelt meistrar, utan at ein ser ein opplagt grunn for det, kallast motorisk usikre barn (Berg, 2018). Motorisk usikre barn har ein dårlegare motorikk, men er elles «normale» (Sigmundsson et.al., 2000). Vi snakkar altså ikkje om barn med funksjonsnedsettingar eller andre fysiske eller psykiske faktorar. Når det kjem til kva som kan skuldast mangel på motoriske ferdigheiter er det vanskeleg å fastslå faktorane. Dei fleste teoriar viser likevel at påverkingsfaktorane kan vere eit samspel mellom arv og miljø (Sigmundsson et.al., 2000). Arv vil i denne samanhengen bety at problema skuldast nevrologisk forseinking. Miljø betyr erfaringar og stimuli knytt til motorisk utvikling (Sigmundsson et.al., 2000). Personalet i barnehagen bør saman observere kvart enkelt barn for å kartlegge deira motoriske styrker og svakheitar, for å vere bevisst på korleis dei kan utfordre kvart enkelt barn motorisk. Ikkje alle barn har brukt for eit eige opplegg for å stimulere motorikken, og ofte er all stimuli nyttig (Berg, 2018). Sidan det er stor forskjell i aktivitetsnivået til barna på fritida, kan barnehagen legge til rette for å jamne ut forskjellane i barnehagen. Dei kan då legge godt til rette for gode bevegelseserfaringar og meistring for dei motorisk usikre barna (Berg, 2018). På lang sikt kan motorisk usikre barn få fleire problem i kvardagen, knytt til leik og sosialt samspel. Dei kan hamne i ein vond sirkel der dei ikkje forstår samspelet i leik, og blir i mindre grad invitert med i leiken. Det kan vidare påverke sjølvbiletet til barna, og gje lærevanskar (Berg, 2018). Det er difor viktig at barnehagen legg til rette for bevegelseserfaringar og motorisk utvikling frå tidleg alder, slik at alle barn får stimulert motorikken og for å prøve å hindre store ulikheiter.

3.3 Naturen som arena for motorisk utvikling

Bruk av naturen i barnehagen sitt nærmiljø er veklagt i Rammeplan for barnehagen. I tillegg til det som tidlegare er nemnt, kan vi trekke fram at «personalet skal gi barna tilgang til varierte og utfordrende bevegelsesmiljøer, sanseopplevelser og kroppslig lek ute og inne, i og utenfor barnehageområdet» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.32). Fjørtoft et.al. (2000) gav eit innblikk i kva motorisk utbytte barn har av å vere i naturen. Studien vart gjennomført med ei forsøksgruppe og ei referansegruppe, der forsøksgruppa leika i naturen medan referansegruppa leika på uteleikeplassen i barnehagen. Forsøksgruppa hadde eit område med variasjon i terreng og vegetasjon, medan referansegruppa hadde ulike leikeapparat. Forsøksgruppa viste ein betydeleg større framgang i motorisk utvikling på målingane enn referansegruppa. Dei største forskjellane var balanse og koordinasjon. Fjørtoft et.al (2000) konkluderte på grunnlag av avhandlinga med at naturen er ein læringsarena som fremjar motorisk utvikling hos barn.

I fagområdet «kropp, bevegelse, mat og helse» i Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.31), står det at barnehagen skal bidra til at barna får oppleve glede, trivsel og meistring ved allsidige bevegelseserfaringar, inne og ute, året rundt. Vidare skal barnehagen bidra til at barna kan vidareutvikle motoriske ferdigheiter, kroppsbeherskelse, koordinasjon og fysiske eigenskapar. Når det kjem til tilrettelegging av dette i naturen, er det viktig å gje barna gode motoriske opplevelingar. Leik i naturen består i stor grad av «kroppsleg leik». I følge Bjørgen (2012) knyter barn kroppsleg leik i større grad til leiken ute enn inne, og beskriv at dei opplev større fridom i leiken ute. Grunnen kan vere at dei får meir ro rundt seg, og blir i mindre grad distrahert av andre element (Bjørgen, 2012). Osnes et.al. (2020:142) definerer kroppsleg leik som «fysisk aktivitet i lekende kontekst med energiforbruk godt over hvilenvå». Den kroppslege leiken er ofte lystbetont og skjer på barnet sitt initiativ. Den kroppslege leiken kan delast i kaosleik, risikoleik og tradisjonelle eller kulturelle leikar (Osnes, et.al., 2020). Kaosleik er når barnet er i heftig bevegelse, og der barna ofte er i kontakt med kvarandre (Rasmussen, 1996). Risikoleik er leik der barnet er i grenseland mellom det som er spennande og kjekt, og det som er skummelt og kan skade barnet (Sandseter, 2018). Dei tradisjonelle og kulturelle leikane er leikar som går att i generasjonar, til dømes politi og røvar, gøymsel eller balleikar (Osnes et.al., 2020). Når kroppsleg leik blir nemnt i denne oppgåva, meiner vi alle dei tre kategoriane som er nemnde.

I kva grad dei vaksne involvera seg i den kroppslege leiken til barna kan påverke intensitetsnivået i leiken. Ifølge Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.32) skal personalet «være aktive og tilstedeværende, støtte og utfordre barna til variert kroppslig lek og anerkjenne barnets mestring». Ein studie gjort av Osnes & Kaarby (2015) viser derimot at dei vaksne i liten grad involvera seg i kroppsleg leik. I følge studien opplev over 40% totalt fråvær av vaksenkontakt i naturen, medan prosenten er endå høgare både inne og på uteleikeplassen. Barna i studien til Bjørgen (2012) seier også at dei vaksne i liten grad deltek i leik. Nokre av barna seier at dei vaksne går rundt og pratar saman, og at dei ikkje kan leike. Det kjem også fram at barna likar godt at dei vaksne er med i leiken, spesielt i fange-leikar. I tillegg viser ein studie gjort av Kaarby & Tandberg (2019) at når dei vaksne er aktive og støttar barna i leik, er også barna meir aktive i leiken. Kva fråværet av vaksenkontakt kan skuldast er vanskeleg å sei, men vi skal sjå nærmare på nokre grunnar seinare i teksten.

Det ser ut til å vere store variasjonar i antal timar barn er ute i barnehagen. Ulset, Vitaro, Brendgen, Bekkhus & Borge (2017) seier at dei fleste barnehagar er ute minst ein time dagleg, medan nokre barnehagar tilbyr opptil ni timar utetid om dagen. Slike variasjonar kan skape store forskjellar mellom barna. Ulset et.al. (2017) meiner barn har godt utbytte av å vere i naturen, og at det er ein billeg, enkel og miljøvennleg måte å utvikle seg på. Dei nemner at støyenivået inne ofte er høgt, medan barna får meir ro til å fokusere på leiken når dei er ute. I naturen har dei mindre forstyrrande element, og barna kan konsentrere seg om leiken. Den eigenstyrte leiken viser seg å ha særegne kvalitetar for barnet, der barnet

har tettare, meir sanseleg, emosjonell og kroppsleg kontakt med naturen (Skår et.al., 2016). Barnehagen kan difor gje barna rom for eigenstyrт leik i naturen.

Osnes & Kaarby (2015) har studert barns aktivitetsnivå inne, på uteleikeplassen og i naturen. Forskinga deira viser at over 70% av leiken i naturen føregår i moderat eller høgt intensitetsnivå, medan både på uteleikeplassen og inne er ca. 50% av aktivitetane låg intensitet. Ein tenker gjerne at barna har høgare intensitetsnivå på uteleikeplassen enn inne, men i følge Osnes & Kaarby stemmer ikkje det. Dei nemner at ein grunn kan vere at leikane på uteleikeplassen har stereotypiske mønster, for eksempel at bøtte og spade er til å grave i sandkassen med. Naturen aktivisera barna på ein annan måte, fordi barna ser mogelegheitene i naturelementa. Gibson (1979) kallar dette *affordances*, som Osnes et al. (2020, s.168) beskriver som en innbydelse, invitasjon eller det mogelege handlingsrommet som miljøet og individet saman utgjer. Når barnet finn eit berg dei kan klatre opp, ligg invitasjonen i relasjonen mellom barnet og berget. Barnet vurdera utfordringa basert på dets styrke, motoriske ferdigheiter og kroppsstørrelse. Når barnet blir eldre vil affordances gradvis bli svakare, og i voksen alder ser ein lite av mogelegheitene miljøet kan tilby fordi ein er bevisst på gjenstandane sitt bruksområde (Osnes, et.al., 2020). Ein kan tydeleg sjå eksempel på dette dersom ein observera voksne og barn i eit rom med ein stol og eit bord. Den voksne vil i dei fleste tilfelle gå bort til stolen og sette seg ned, medan barnet vil utforske heile rommet og gjerne klarte på stolen eller bordet.

Barnehagen kan nytte blant anna skog, fjære og byggefelt som naturområde. Barna kan få eit grunnlag for kjennskap og kjærleik til sitt nærmiljø. Bruk av naturen i nærområdet er i følge Skår et.al. (2016) ikkje ein integrert del av barna sitt kvardagsliv. I følge Aadland og Lundhaug (2010) har barnehagar som er opptatte av friluftsliv gjort erfaringar med ein rekke fordelar. Barna leikar fleire fantasileikar, har færre konfliktar, rolegare tempo, mindre sjukdom, har større konsentrasjon og er betre motorisk, samanlikna med barnehagar i urbane strøk der tilgangen på natur er därlegare. Vi ser altså at barna kan ha godt utbytte av å vere i naturen. Ofte treng ein ikkje å ha planlagde pedagogiske opplegg for naturutfluktene. Meir og meir av barna si tid blir organisert av voksne, og det er ikkje det same som å leike, finne på og bestemme sjølv (Fasting, 2017). Gjennom affordances (Gibson, 1997) vil barna sjølv sjå mogelegheiter og kunne styre leiken i si retning. Personalet bør vere til stades og støtte barna i leiken dersom det er behov. Å vere til stades kan vere å observere på avstand men framleis vere tilgjengeleg, støtte leiken når det trengs, eller vere aktivt deltakande i leiken. Ein treng heller ikkje å gå lange turar for å få ei spennande naturutflukt. Nærmiljøet kan ha mykje spennande å by på, og naturutfluktene vil få ein lågare terskel for gjennomføring.

I naturen kan barna utfordre seg i sitt eige tempo, der dei sjølv kan sjå mogelegheitene og hindringane sine. Csikszentmihalyi (1990) i (Osnes, et.al., 2020) meiner at dersom barnet opplev ei passeleg mengde utfordring, vil dei vere i det han kallar ei flytsone. Å vere i flytsona skapar ein indre motivasjon, der verken

tid eller stad spelar nokon rolle. Dersom barnet får utfordringar som ikkje er tilpassa deira motoriske ferdighetsnivå, vil det felle ut av flytsona. Blir utfordringa for stor kan barnet oppleve angst og stress, medan for små utfordringar kan føre til keisamheit (Csikszentmihalyi, 1990) i (Osnes et.al., 2020). Frileik i naturen kan gje barna mogelegheit til å sjølv tilpasse utfordringane, men nokre barn kan likevel trenge støtte frå ein vaksen.

For å ivareta fagområdet «Kropp, bevegelse, mat og helse» i Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017), må barnehagen studere og vurdere korleis dagane blir organisert (Osnes, et.al. 2020). Ein må vurdere kortid ein har inne-og utetid og kortid ein gjennomfører møter, pauseavviklingar og plantider. Ein studie gjennomført av Osnes & Skaug (2015) viser at personalet er lite involvert i den kroppslege leiken til barna. Ein grunn kan vere at møter, pausar og plantider skjer i utetida, og at det difor er redusert bemanning ute. Den reduserte bemanninga kan føre til at personalet har fokus på å halde oversikt og ikkje går inn i leik saman med barna. Ein bør difor analysere organiseringa og sjå på andre mogelegheiter, til dømes å legge opp til utetid før lunsj eller å ha møter på ettermiddagen. Ein annan grunn til lite vaksentettleik i utetida kan vere at personalet ikkje har avklarte arbeidsoppgåver eller ansvarsområder i utetida (Storli, 2018). Opplegget i innetida er ofte planlagt og personalet har ulike oppgåver. Utetida er i mindre grad planlagt, noko som kan føre til at personalet ikkje har fordelt ansvarsområder og at dei ikkje veit kva dei skal gjere.

4.0 Metode

Vilhelm Aubert (1985) definerer metode som ein framgangsmåte eller eit middel til å komme fram til ny kunnskap. Han seier at alle middel som tener formålet høyrer med i samlinga av metodar. Innanfor begrepet kan ein dele i kvalitativ og kvantitativ metode. Kvalitativ metode baserer seg på meininger og opplevingar som ikkje let seg måle. Kvantitativ metode er basert på data i form av målbare einingar (Dalland, 2017). For denne studien har eg valt ein kvalitativ metode. Metoden er valt fordi den vil eigne seg best til å belyse den valde problemstillinga. Metoden vil kunne gje utdstrupande svar om korleis barnehagen nyttar naturen som arena for motorisk utvikling. Oppgåva er kumulativ, som vil seie at den er basert på forsking som føreligg allereie. Eg har valt intervju som metode.

Eit intervju er eit møte mellom mennesker (Dalland, 2017). Det er ein samtale der ein hentar informasjon frå ein annan part (Orgeret, 2018). Eit kvalitatittv forsksintervju har som mål å få fram situasjonen intervjugersonen befinner seg i. Styrken til det kvalitative intervjuet er presisjonen i beskrivingane og fortolkninga av kva innhaldet tyder (Dalland, 2017). En svakhet ved å nytte ein kvalitativ metode er at intervjuguiden ikkje er godt nok utarbeidd. Dersom spørsmåla er därlege og lite gjennomtenkte, vil heile intervjuet bli påverka. Det kan føre til at viktig informasjon ikkje kjem tydeleg fram, og at respondenten

ikkje får tak på kva ein eigentleg spør om. I tillegg kan ikkje funna i ein kvalitativ metode brukast for å fastslå noko, fordi utvalet av respondentar er lite. Utvalet av respondentar vil gje svar på korleis desse barnehagane brukar naturen som arena for motorisk utvikling. Utvalet er smalt, noko som gjer at funna ikkje kan representere alle barnehagar. Intervjua er bassert på ein felles intervjuguide, med nokre få variasjonar på oppfølgingsspørsmåla. Intervjuguide ligg vedlagt (vedlegg 9.1). Intervjua vart gjennomført over videokonferanseverktøyet Zoom. To av intervjuene vart gjennomført med både bilet og lyd, medan eit er gjennomført med kun lyd.

Hovudfokuset i intervjuet har vore å besvare problemstillinga; Korleis nyttar barnehagen naturen som arena for motorisk utvikling?. I tillegg har vi vore innom utfordringar med naturutflukter og personalet sine haldningar.

4.1 Datainnsamling

I oktober 2020 gjennomførte eg ein pilotstudie. I piloten testa eg intervjuguiden, slik at eg kunne sjå kva som fungerte og kva som kunne forbetrast. Piloten vart prøvd ut på ein barnehagelærar eg har kjennskap til. Intervjuet vart gjennomført over telefon, noko eg erfarte at var ei dårlig løysing fordi vi ikkje såg kvarandre og ikkje kunne vurdere situasjonen basert på kroppsspråk. Eg opplevde at vi avbraut kvarandre fleire gonger fordi vi trudde den andre var ferdig å snakke. Spørsmåla vart justert etter pilotstudien, for å få dei spissa mot problemstillinga.

I oktober og november 2020 fekk respondentane invitasjon til å delta. Vidare vart dei tilsendt informasjonsskriv om tema for oppgåva. Informasjonsskrivet ligg ved (vedlegg 9.2) Dei fekk informasjon om deira krav på anonymitet og rett til å trekke seg. Deretter vart det avtalt tidspunkt for intervju. Intervjuet vart gjennomført i november og desember 2020.

4.2 Utval

Eg har gjennomført kvalitative forskingsintervju med tre respondentar. Respondentane er strategisk valt, då eg har kjennskap til alle tre. Dei er valt ut fordi eg veit dei har ulik erfaring og ansiennitet i barnehagefeltet, og at dei kan ha ulike erfaringar som påverkar synet på problemstillinga. Respondentane jobbar i kommunalt styrte barnehagar som ikkje har eit spesielt fokusområde.

Respondent 1 (R1) er ei kvinne med 14,5 års erfaring frå barnehagefeltet. Ho er utdanna barnehagelærar, og har ei vidareutdanning; pedagogisk arbeid på småskuletrinnet. Respondenten jobbar på ei førskuleavdeling.

Respondent 2 (R2) er ei kvinne med 8 års erfaring frå barnehagefeltet. Ho er utdanna barnehagelærar og har vidareutdanning i rettleiing og psykososialt arbeid med barn 0-4 år. Respondenten jobbar på ei avdeling der barna er 0-2 år.

Respondent 3 (R3) er ei kvinne med 7 års erfaring frå barnehagefeltet, både som assistent og barnehagelærar. Respondent er nyutdanna barnehagelærar, og jobba no på ei avdeling der barna er 2 år.

4.3 Kritikk til metode

I eit av intervjuet opplevde vi fleire avbrot. Respondent sat i eit kontorfellesskap der andre kom inn. I tillegg vart internettkoblinga mi broten. I eit anna intervju opplevde vi tekniske problem som gjorde at vi ikkje såg kvarandre. Faktorane kan ha påverka intervjuet. Kjennskap til respondentar kan påverke intervjuet, fordi vi begge har tankar om kvarandre frå før. Det kan påverke nøytraliteten til begge partar.

4.4 Etisk vurdering

Respondentane har krav på anonymitet, og alle opplysningar skal behandlast konfidensielt. Respondentane har fått eit infoskriv med all informasjon om kva dei har rett på under prosjektet. Intervjuet har blitt tatt lydopptak av, og lydopptaka har blitt sletta etter transkribering. Av hensyn til personvern har eg transkribert og sletta opptaka same dag som intervjuet har blitt gjennomført, slik at opptaka ikkje har hamna på avveie. Det er gjort munnleg samtykke, då ei skriftleg samtykke vil kunne identifisere respondentane. Respondentane er fleire gongar informert om deira krav på anonymitet og at dei kan trekke seg dersom dei ønsker.

5.0 Empiri

Vi skal no presentere empirien til oppgåva. Vi har valt å kun presentere delar av empirien, for å spisse funna mot problemstillinga. Nokre av spørsmåla i intervjuguiden er difor ikkje presentert, då det ikkje vart relevant for problemstillinga.

5.1 Tilrettelegging av naturutflukter

Respondentane fekk spørsmål om sine eigne haldningar til å vere i naturen, der alle svara at dei likte det godt. *På spørsmålet om kva dei opplevde som resten av personalet sine haldningar*, var svara meir varierande. R1 svarte at dei fleste ho hadde jobba med likte å vere ute, men at det sjølv sagt varierte. R2 svara at ho opplevde at fleire var meir opptekne av å sjølv vere varme og komfortable, enn at barna skulle ha det bra. R3 fortel at personalet hennar likte å vere på tur, og helst ville vere det fleire gongar i veka. Ho meinte at det ikkje lot seg gjere på grunn av møter, som ho også trakk fram at var ein viktig del for å kunne drive barnehagen på best mogeleg måte.

På spørsmål om korleis dei opplevde foreldrene sine haldningar knytt til naturen, svara samtlege respondentar at foreldra jamt over var positive til at barna var ute. R1 opplevde at nokre foreldre ønsker at barna skulle gå lange turar til kjende turmål i området. Ho meinte at det viktigaste var at barna fekk positive turopplevelingar og at det var lystbetont, ikkje at dei skulle gå lengst mogeleg. R2 trakk også fram at nokre foreldre reagerte dersom barna var mykje ute i dårlig vær. **Vidare fekk respondentane spørsmål om kva dei såg som utfordrande knytt til å vere ute.** Alle respondentane meinte at kleda og utstyret til barna kunne vere ei utfordring eller hindring. Dei fortalte at fleire barn hadde for lite bytteklede, og at foreldra ikkje sjekka når det måtte fyllast på med klede. Respondentane meinte at dette sat ein stoppar for å kunne vere ute fleire gongar, fordi barna ikkje hadde passande klede, eller klede å byte til dersom dei blei våte og kalde. R2 seier ho passa på å ha eit godt utval av låneklede på avdelinga si, slik at alle barna fekk dei same mogelegheitene til å få positive opplevelingar med naturen. R1 og R3 svara også at andre faktorar som møter, servering av varmmat og sovetid var hindringar for å vere lenger ute. R2 nemnde at barnehagen hadde kjøpt soveposar og anna utstyr slik at barna kunne sove ute medan dei var på tur, slik at dei ikkje trengde å gå tilbake til barnehagen.

Respondentane fekk spørsmål om kva barna gjorde når personalet hadde pauseavvikling, møter og plantider. R1 svara at barna var ute i denne tida. R2 og R3 svara at barna sov i denne tida. R2 svara også at dei eldre barna i barnehagen var ute i pauseavvikling og møtetid. R3 svarar at dei som ikkje sov har roleg aktivitet inne for å få ned stresshormon i kroppen. Dei hadde enten kvilestund eller roleg bordaktivitet. Når det gjeld tankar rundt kvaliteten av denne tida svara R1 og R2 at kvaliteten kunne ha vore betre. R1 meinte at færre vaksne ute gjorde at ein i mindre grad kunne gå inn i leik, og at ein heller måtte gå rundt for å halde oversikt. Det gjekk meir på sirkulering og konfliktløysing, og ein hadde ikkje tid til å støtte barna i leiken. Det var også vanskeleg å gå utanfor barnehagen, fordi dei var færre vaksne. R2 svara også at kvaliteten ikkje var like god i denne tida, og påpeika at det var alt for få timer iløpet av ein dag der ein hadde full bemanning. Det var alltid nokon som var ute frå avdeling grunna ulike vakter, pausar, møter eller plantid.

På spørsmålet om kor mange timer barna tilbrakte ute iløpet av ei veka, variera det frå 15-22 timer. Alle respondentane påpeika at utetida varierte på årstid og vær. R1 sa at dei var ute mellom 17-22 timer iløpet av veka, og at ca. 6 av timane var i naturen (ca.30%). R2 sa at dei var ute ca. 22 timer i veka og at ca. 13,5 av desse timane var i naturen (ca.61%). R3 sa at dei var ute ca. 15 timer i veka, der ca. 4 timer var i naturen (26%). Respondentane svara at dei hadde ein fast turdag i veka.

5.2 Naturen som arena for motorisk utvikling

Respondentane vart bedt om å forklare kva dei la i begrepet motorikk. R1 og R3 forklarte det som utvikling av kroppen, og bevegelegheta til barna. R2 utfylte med at motorikk kunne delast i grov-og

finmotorikk, der grovmotorikken var dei store muskelgruppene og finmotorikken var «pinsettgrep» der ein nytta fingrane. ***Respondentane fekk spørsmål om korleis dei meiner at naturen kan vere ein arena for motorisk utvikling.*** Respondentane var samde om at naturen var ein ideell arena for den motoriske utviklinga, fordi terrenget i naturen var variert og ulendt. Barna fekk utfordra seg på glatte røter, steinar, i tre og i eit kupert terreng. R2 sa også at barna fekk brukte fleire av sansane sine i naturen, både å føle, høyre, smake og sjå. R1 meinte dei kunne bli flinkare til å vere ute i naturen, medan R2 meinte dei var flinke til å bruke naturen.

Vidare fekk respondentane spørsmål om korleis dei jobba med fagområdet Kropp, bevegelse, mat og helse i barnehagen. Spørsmålet var spesielt retta mot korleis dei jobba med utvikling av motorikk, kroppsbeherskelse, koordinasjon og fysiske eigenskapar. Her trakk alle respondentane fram at dei jobba med området blant anna på tur i naturen. Alle nemnde turar i skogen, men R2 nemnde også at dei brukte fjøra i nærområdet. Der fekk barna ei anna oppleveling, og måtte jobbe med å halde balansen på rullande steinar. R2 fortalte også at dei hadde ein grønsakshage i barnehagen som dei ofte gjekk til, og at dette var ein tur med låg terskel, som gjorde det enklare å inkludere barna som sleit med å gå langt. R3 trakk også fram at dei av og til jobba med fagområdet inne. Dei lagde hinderløype der dei jobba målretta med eit tema, til dømes balanse.

På spørsmålet om kva respondentane opplevde at barna gjorde når dei var på leikeplassen var varierande. R1 opplevde at barna herja, slost og krangla mykje. Ho påpeikte at det var sjeldan at barna sat i ro. R2 opplevde at barna byrja å springe med ein gong dei kom ut. Dei blei dregne mot sine favorittleikar. R3 opplevde også at barna hadde sine favorittleikar, og at nokre gjerne kunne ha sete i dissa eller sandkassen heile utetida dersom dei fekk mogelegheita til det. R3 hadde også erfart at dersom dei vaksne stod og snakka i staden for å vere aktive med barna, vart barna inaktive. Ho påpeikte at aktive vaksne gav aktive barn. ***Når vi snakka om barna sitt bevegelsesmønster i naturen,*** har respondentane opplevelingar med at barna var meir aktive og brukte kroppen meir. R1 opplevde at barna hadde ein meir fornuftig aktivitet i naturen. Ho sa at barna framleis hadde t.d. skyteleikar, men at leiken i naturen endrar seg frå å sikte på kvarandre til å heller leike hjortejakt. Ho trudde det kom av at leikane hadde eit bestemt bruksområde, og at dei vaksne masa om at ein spade er ein spade, og ikkje eit våpen. I naturen fekk barna sette i gang fantasien, og fleire var med å drive leiken vidare fordi det ikkje var bestemte reglar og mønster. R2 og R3 opplevde at barna var meir nysgjerrige og utforska i større grad enn på leikeplassen. Dei brukte tid, fordi naturen innbydde til fleire mogelegheiter og ingenting var fastsett.

R1 og R3 meinte at barna hadde større utbytte av å vere i naturen enn på leikeplassen. R1 meinte at barna fekk brukte både motorikk og fantasi på ein annan måte i naturen. R3 meiner bevegelsesmønsteret til barna var meir variert i naturen. På leikeplassen tydde barna til dei same leikane. I naturen var dei ikkje på same

plassen kvar gong, noko som gav forandring i leikemiljøet. R3 påpeika også at både personalet og barna var rolegare i naturen, og at stemninga var ein heit annan.

Respondentane fekk spørsmål om kva tankar dei hadde knytt til vaksne si deltaking i leik. R2 meinte at eit av kriteria for å jobbe i barnehage var at ein har eit barn i seg. Ein måtte like å leike, vere kreativ og utfolde seg. Ein måtte våge å by på seg sjølv. R2 og R3 trakk fram at aktive vaksne gav aktive barn. R1 meinte at dei vaksne var meir deltakande i leiken i naturen enn på leikeplassen. Ho trudde grunnen var at alle fekk eit ekstra «kick» av å komme ut av leikeplassen, og få ein variasjon i område.

På spørsmålet om korleis respondentane la til rette for motorisk usikre barn, svara R1 at dei først og fremst hadde fokus på at alle skulle vere inkludert. Det var viktig for dei å legge til rette slik at alle barna kunne delta på aktiviteten, og gjekk heller ein kortare tur slik at det vart overkommeleg. Ho svara også at dei tok turen i dei motorisk usikre barna sitt tempo. R2 la også vekt på at inkludering var viktig, og at personalet var observante og såg når eit barn behøvde støtte. Ho sa det var viktig at også desse barna opplevde meistring, då dette var avgjerande for om dei klara å utvikle motorikken vidare. R3 nemnde det same som R1 og R2, men la også til at dei jobba mot å gje barna interessante opplevingar. Dei prøvde å flytte fokuset frå «no skal du opp denne bakken» til «sjå på toppen av bakken, der var noko spennande».

6.0 Drøfting

Målet med oppgåva er å få eit innblikk i korleis barnehagen jobbar med naturen som arena for motorisk utvikling. Min hypotese i forkant av prosjektet var at personalet hadde kunnskap om kvifor naturen er viktig for barna sin motoriske utvikling, men at naturen i liten grad blei brukt. Vi skal vidare sjå på funna i empirien og knyte det opp mot teorien og forskinga som er presentert i oppgåva.

6.1 Tilrettelegging av naturen som arena

I følge Storli (2018) er ansvarsområdet til personalet ofte uavklart i utetida. Inneaktivitetar er ofte planlagt der personalet har ulike oppgåver, medan utetida ofte er eigenstyrt. Det er altså ingen planlagt aktivitet ute, som kan føre til at personalet ikkje fordeler oppgåver i utetida. Respondentane trekk fram at personalet brukar utetida på å halde oversikt, framfor å setje seg ned med barna. Det kan skuldast at det ikkje er fordelte oppgåver. I ein av mine praksisperiodar hadde barnehagen ei «tellevakt» i utetida, slik at den personen heldt oversikt og dei andre kunne gå inn i leik med barna. Alle i personalet visste at tellevakta var den personen som gjekk ut først, og dermed hadde alle kontroll på kven som hadde oversikt til ei kvar tid.

Naturutfluktene får fleire begrensingar knytt til administrative hensyn i barnehagen. Skår et.al. (2016) seier det viser seg å vere knytt til mangel på personale, møteverksemd og pauseavvikling. Faktorane begrensa

mogelegheita til å utøve friluftsliv på barna sine premiss. Dersom personalet let seg styre av desse faktorane kan både barn og vaksne kjenne på stress knytt til naturutflukter. Barna vil oppleve å bli avbroten i leik eller få beskjed om å gå raskare, fordi ein skal rekke noko. Naturutfluktene kan bli mindre lystbetont og opplevast som meir stressande for samtlege. R1 og R2 seier at barna i deira barnehagar er på uteleikeplassen medan personalet har møter, pauseavvikling og plantid. Dei er begge einige om at kvaliteten i denne tida er därlegare, fordi det er færre vaksne pr. barn og ein er meir låst til barnehagen sitt område. Det respondentane opplev, blir også beskrive av Skår et.al. (2016). Naturutflukter blir begrensa på grunn av administrative faktorar, t.d. møter, pauseavvikling eller mangel på personale (Skår et.al. 2016). R1 meiner tida med færre vaksne går til å sirkulere for å halde oversikt, og eventuelt løyse konfliktar. I ein praksisperiode erfarte eg at ei barnegruppe skulle på tur, men fekk beskjed om å snu etter to minutt fordi personalet måtte vere med på møte. Observasjonen underbygger Skår et.al. (2016) sin påstand om at naturutflukter ikkje skjer på barnet sitt premiss. Naturutfluktene kan bli mindre lystbetont dersom barn og personale har därlege erfaringar knytt til det. Ein kan oppleve det som eit stressmoment, og tenke at det er enklare å vere på uteleikeplassen. På ei anna side kan vi sei at møteverksemda er viktig for barnehagen sin praksis. Gjennom personalmøter og avdelingsmøter får personalet anledning til å danne eit felles samarbeidsgrunnlag, og planlegge opplegg som barna har glede og utbytte av. R3 påpeika også at det er viktig å ha møter slik at barnehagen sin praksis blir planlagt og evaluert.

Ei forutsetting for at barna skal trivast med å opphalde seg i naturen er at dei har klede og utstyr som passar uteliv (Aadland et.al., 2010). Barna bør vere kledd på ein funksjonell måte der dei kan bevege seg, på same tid som dei held seg varme. Det er ingen sjølvfølge at barna har tilstrekkeleg med klede i barnehagen. Personalet må gje foreldrene informasjon om kva klede og utstyr som er anbefalt, slik at alle barna kan få dei same forutsetningane for å oppleve glede med å vere i naturen. Respondentane trekk også fram mangel på klede som eit hinder for uteaktivitetten. Personalet må ha kontinuerleg dialog med foreldrene, slik at riktige klede er på plass. Respondentane trekk likevel fram at dei ofte gjev beskjed og får kleda på plass, men at det forsvinn att like raskt. R1 seier at foreldra ofte gløymer at dei må fylle på med klede etter kvart. På den andre sida er det ingen sjølvfølge at foreldrene kan stille med passande klede til barna. Nokre foreldre har gjerne därleg råd, manglande kunnskap om kva klede som eignar seg eller andre tankar om kva klede barnet bør ha. Tilgang på riktige klede og utstyr er ein faktor for å trivast i naturen, og kan i verste fall påverke stimuleringa av motorikk dersom barnet ikkje ønsker å vere aktiv på uteleikeplassen og i naturen.

Barnet si oppleveling av naturen vil også bli påverka av dei vaksne sine haldningar. For å vere ein god «leikekamerat» i naturen bør personalet ha kunnskap om barna, i tillegg til at det er ein fordel at dei har gode erfaringar knytt til naturen (Osnes et.al, 2020). Mine funn viser at haldningane til å vere i naturen er delt. Mine respondentar svarar at dei er veldig glad i å vere ute i naturen, og gjer uttrykk for at dei ønsker at barna skal oppleve den same gleda som dei. Likevel nemner respondentane at dei jobbar eller har jobba

med personale som ikkje er glad i å vere i naturen. R2 seier at ho fleire gonger har opplevd at nokre i personalet er meir opptatt av å sjølv vere komfortable og ha det godt, og at det kan gå ut over barna si oppleving. Kva det kan skuldast er vanskeleg å seie, men ein grunn kan vere at personane har dårlege erfaringar med å vere i naturen, ikkje opplev at dei meistrar nok eller at dei manglar kunnskap om natur og naturutflukter. Alle i personalet har sine styrker og svakheitar, og dei som ikkje likar å vere ute har gjerne andre interesser i inneaktivitetar. Det er likevel viktig å vere positivt innstilt slik at ein ikkje påverkar barna med dårleg humør.

Når det kjem til vaksne si deltaking i leik er respondentane samde om at aktive vaksne gjev aktive barn. R2 trekk fram at dei vaksne bør like å leike, og at det burde vere eit kriterium for å jobbe i barnehagen. Mine eigne erfaringar er at personalet i barnehagen har svært delte meiningar om i kva grad dei vaksne skal delta i leiken eller ikkje. Nokre meiner at barna må lære seg å leike på eiga hand, og at ein difor skal halde avstand og ikkje blande seg inn. Eg har i nokre praksisperiodar opplevd at personalet ikkje set seg ned med barna, og kun observera dei for å kunne kartlegge ferdighetene deira. I Bjørgen (2012) kjem det også fram at barna opplev at dei fleste vaksne i liten grad er deltagande i leiken. Likevel kjem det fram at barna likar at dei vaksne er med i leiken, spesielt i «fange-leikar.» Ut i frå respondentane sine svar kan vi sjå at dei vaksne bør delta i leiken for å inspirere og berike barna sin leik, samt å støtte dei barna som har behov for det.

6.2 Naturen som arena for motorisk utvikling

I følge Ulseth et.al. (2017) har dei fleste barnehagar eit mål om å vere ute minimum ein time dagleg. Avdelingane til respondentane er ute mellom 3 og 4,5 timer dagleg, og har ein fast turdag i veka. Dei seier at utetida variera med vær og årstid. Det ser ut til at mesteparten av tida blir brukt på uteleikeplassen hos R1 og R3. Hos R2 blir naturen brukt i større grad. Til tross for at respondentane svara at barna hadde eit meir positivt bevegelsesmønster i naturen, ser dei ut til å nytte naturutflukter i varierande grad. Det kan som tidlegare nemnt sjåast i samanheng med utfordringar knytt til klede eller administrative forhold. Funna mine stemmer også overeins med praksiserfaringar, der eg fleire gongar har sett at det blir planlagt naturutflukter som må avlysast grunna møter. Funna frå mine undersøkingar må likevel sjåast i samanheng med at barna på avdelingane til respondentane varierer i alder. 2-åringane har mindre vakentid i barnehagen enn ei førskulegruppe, som kan påverke antal timer ute.

Samtlege respondentar viser at dei har forståing og bevissthet rundt kva motorikk er. Beskrivingane deira bygger på det same som definisjonen til Osnes et.al. (2020). Fokuset på vidareutvikling av motoriske ferdigheter er forankra i Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Eg tolkar funna som at respondentane er bevisst på korleis dei kan legge til rette for motorisk utvikling hos barna, både på leikeplassen og i naturen. Osnes et.al. (2020) beskriv viktigeita av å gje barna gode motoriske opplevingar, og knyter det opp mot meistring og suksess. R1 set også fokus på dette, og nemner eit eksempel med at

foreldrene ønsker at barnegruppa skal gå til kjente turområder som gjerne er langt vekke. R1 meiner sjølv at det viktigaste er at naturutfluktene er lystbetont og gjev meirsmak. Dersom det blir lagt til rette for at barna skal meistre det dei gjer, vil barna truleg oppleve eit ønske om å gjere det igjen. På ei annan side kan for store utfordringar føre til at barna opplev stress eller angst, som kan føre til at aktiviteten blir mindre lystbetont (Csikszentmihalyi, 1990) i (Osnes et.al, 2020). For å oppnå det Csikszentmihalyi kallar ei flytsone, må kvart enkelt barn få utfordringar som er knytt til deira ferdighetsnivå. Vi kan med andre ord sei at det ikkje er nødvendig at barnehagen går lange turar som blir opplevd som uoverkommeleg for enkelte barn, då det vil ta dei ut av flytsona. Vel så godt kan ein kort tur til skogen gje barna ei god motorisk oppleving der barna sjølv kan utfordre seg i eige tempo, og personalet kan støtte og motivere barna.

Mine funn viser at respondentane har forståing for kva naturen har å by på, og korleis barna kan ha eit motorisk utbytte av kroppsleg leik i naturen. Respondentane meiner at naturen er ein ideell arena for motorisk utvikling, fordi den byr på ulik vegetasjon og kuppering. Barna får utfordre seg på glatte røter, steinar, i tre og ulendt terreng. Funna mine blir støtta av Fjørtoft et.al (2000), som fann at barna i forsøksgruppa hadde ei større motorisk utvikling enn referansegruppa. To av referentane meiner barna har eit større motorisk utbytte av å vere i naturen enn på leikeplassen, og meiner at bevegelsesmønsteret til barna er meir variert i naturen. Som vi såg i empirien sa R1 at ho opplevde at barna hadde eit «negativt» leikemønster på uteleikeplassen, medan leiken var ein heilt annan i naturen. R1 meiner det kan skuldast at det er stereotypiar knytt til leikane, og at dei vaksne ofte påpeikar dette. På ei anna side viser studiar (Osnes & Kaarby, 2015; Bjørgen, 2012) at barna får liten vaksentettleik på leikeplassen. Respondentane svara også at møteavvikling i utetida gjer at personalet ikkje har mogelegheit til å gå inn i leik, og kun sirkulera rundt på uteleikeplassen for å halde oversikt. Mangelen på vaksentettleik kan føre til at barna ikkje får den støtta i leiken som dei treng, som vidare kan gje eit «negativt» leikemønster. R1 fortel også at leiken i naturen har eit «positivt» mønster, som igjen kan begrunnast i Osnes et.al (2015) sine funn om at dei vaksne er meir deltagande og til stades i leiken i naturen. Barna får meir ro til å fokusere på leiken ute, og i naturen er det mindre forstyrrande element, som gjer at barna kan konsentrere seg om leiken dei er i (Ulset et.al. 2017). Ro og konsentrasjon kan altså vere ein grunn til eit «positivt» leikemønster i naturen.

Når det kjem til korleis barnehagane jobba med bruk av naturen, nemnde alle bruk av skogen i nærområdet. I tillegg vart fjøre og grønsakhage nemnd. Vi tolkar empirien til at samtlege respondentar sjeldan planlegg pedagogisk opplegg i naturen, men at naturutflukta er nok i seg sjølv. I tidlegare praksisperiodar har eg og erfart at barna har stor glede av naturutflukter, og at dei meistrar å leike sjølvstendig. Den eigenstyrte leiken har særegne kvalitetar for barnet, med både emosjonell, sanseleg og kroppsleg kontakt med naturen (Skår et.al. 2016). Det er difor ikkje nødvendig å ha planlagde opplegg til kvar naturutflukt, men heller legge vekt på den eigenstyrte leiken. Barna vil sjølv sjå mogelegheitene naturen har å tilby dei (Gibson, 1997). Det kan gje barna eit godt motorisk utbytte av leik i naturen, utan at

leiken er planlagt og vaksenstyrt. I tillegg kan barna utfordre seg sjølv på deira eige ferdighetsnivå, utan at utfordringa blir for stor eller liten. R2 nemnde at ho opplevde at barna hadde stor glede av å komme ut, og at dei fleste byrja å springe med ein gong dei kom ut. Dei sprang til sine favorittleikar og sat i gang leiken. Ut frå dette kan vi sjå at barna opplev fridom og glede av å vere ute, uavhengig av om personalet har planlagt eit opplegg eller ei. Barna sat i gong leiken sjølv med ein gong dei kom ut. På ei annan side er det viktig at personalet ikkje blir fråverande i leiken i naturen. Som vi har sett tidlegare i teksten, kan det sjå ut til at personalet ikkje veit kva dei skal gjere når barna har frileik. Dei har ingen ansvarsområder, og kan raskt bli passive (Storli, 2018). R3 seier at ho opplev at passive vaksne gjev passive barn, og at dei vaksne bør vere deltagande i barna sin leik for å gje næring til leiken. Det blir også støtta av Kaarby et.al. (2019), der deira funn viser at barna er meir aktive når ein voksen er til stades for å støtte og motivere dei. Vi kan difor sei at det er viktig at personalet er tilgjengeleg for barna, og ser kortid barna treng støtte eller motivasjon i leiken. Nokre barn er sjølvstendig i leiken, medan andre treng inspirasjon og støtte frå ein voksen. Det er difor viktig at personalet ikkje koplar av når barna driv med frileik, og at dei heller er der barna er.

6.3 Motorisk usikre barn

Motorisk usikre barn skal få same mogelegeitetene som barn med «normal» utvikling i barnehagen. Respondentane svarar at den viktigaste delen i tilrettelegginga for dei er inkludering. Alle barna skal bli inkludert i naturutfluktene og stimulering av motorisk utvikling. Når dei vaksne fokusera på å inkludere alle, går dei føre som gode førebileter for barna. Det kan føre til at dei andre barna inkluderer dei motorisk usikre barna, fordi dei ser at dei vaksne gjer det. Gjennom leik saman med andre kan barna støtte kvarandre motorisk, samt inspirere og lære av kvarandre. Likevel kan samspelsvanskar føre til at motorisk usikre barn ikkje blir invitert med i leik i like stor grad som andre, fordi dei gjerne ikkje forstår leiken på same måte (Berg, 2018). Personalet må difor vere til stades i leiken, for å støtte og veilede både dei motorisk usikre barna, og dei andre barna. Ved å vere til stades kan personalet inspirere barna til å leike saman, anten aleine eller saman med ein voksen. Ved å støtte motorisk usikre barn i leiken, kan barna få nye leikekameratar og kjenne at dei høyrer til i barnegruppa. Tilhørighet og inkludering kan styrke sjølvbiletet til barna, og redusere risikoen for vanskar i seinare alder (Berg, 2018). Barnehagen bør difor legge til rette for inkludering og styrking av fellesskapet i barnegruppa.

7.0 Avslutning

For å prøve å svare på problemstillinga vil eg først trekke fram at det ser ut til at personalet har god forståing for korleis naturen er ein god arena for motorisk utvikling. Respondentane ser det som nyttig at barna får utfordre seg i eit variert terreng, med både sleipe steinar, glatte røter og høge tre. Dei får utfordra seg motorisk, i tillegg til at dei får viktige erfaringar knytt til naturens element. Respondentane svarar at barnegruppa har ein fast turdag i veka, som blir tilbrakt utanfor barnehagen sitt område. Likevel ser vi ein variasjon i antal timer utanfor barnehagen sitt område, då ein barnehage kun har den ein turdag i

veka medan ein annan barnehage er i naturen fleire gongar i veka. Ein respondent meiner at dei har forbettingspotensiale knytt til å nytte naturen som arena for motorisk utvikling, medan ein annan respondent meinte at dei var flinke til å nytte naturen. Funna viser at naturen blir nytta som arena for motorisk utvikling, men at det varierer i kva grad den blir nytta. Vi vurderer funna til at respondentane har eit ønske og mål om å nytte naturen, men at det ikkje let seg gjere i den grad dei ønsker, grunna ulike faktorar. Faktorane kan som nemnt vere møter, pausar, sovetid, matservering og liknande.

Eg ønska å bruke oppgåva til å gje meg sjølv eit kompetanseløft og få nye erfaringar knytt til tema. Eg meiner at det er viktig å ha god kunnskap knytt til barns motoriske utvikling i naturen, samt å vere bevisst på korleis ein kan jobbe med kunnskapsområdet «Kropp, bevegelse, mat og helse» (Kunnskapsdepartementet, 2017) på ein god måte. Gjennom oppgåveprosessen har eg fått eit større innblikk i korleis barnehagen jobbar med naturen som arena for motorisk utvikling, og kva tankar barnehagelærarar har rundt tema.

8.0 Litteraturliste

Aadland, E., Lundhaug, T. (2010) *Naturen som arena for fysisk aktivitet og måltider i barnehagen*. I Holthe, A. (red.) *Måltider og fysisk aktivitet i barnehagen. Barnehagen som arena for folkehelsearbeid*. (s.193-206) Oslo: Universitetsforlaget.

Aubert, V. (1985) *The Hidden Society. (Det skjulte samfunn)* (B. Alstad. Overs.) Oslo: Universitetsforlaget.

Barnehageloven (2005) Lov om barnehager. LOV-2005-06-17-64. Henta frå: <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>

Berg, A. (2018) Motorisk usikre barn. I Moser, T. (red.) *Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse. 3. utg.* (s. 200-215) Oslo: Gyldendal Akademisk.

Bjørgen, K. (2012) *Fysisk lek i barnehagens uteområde. 5åringers erfaring med kroppslig fysisk lek i barnehagens uteområde*. Nordisk barnehageforskning, 2012. Vol 5, NO. 2(6), s.1-15.

Dalland, O. (2017) *Metode og oppgaveskriving*. (6.utg.) Oslo: Gyldendal Akademisk

Fasting, M., L. (2017) *Barns utelek*. Oslo: Universitetsforlaget.

Fjørtoft, I., Sageie, J. (2000). The natural environment as a playground for children. Landscape description and analyses of a natural playscape. *Landscape and Urban Planning*, 48, s.83-97.

Gibson, J. (1997) *The Ecological Approach to Visual Perception*. Boston: Houghton Mifflin Company.

Kaarby, K., M., E., Tandberg, C. (2019) Ute er de, men hva gjør barn under tre år ute i barnehagen? *Tidsskrift for nordisk barnehageforskning*. Vol.18, s.1-14. Henta frå: <https://doi.org/10.7577/nbf.2626>

Klima-og miljødepartementet (2016) *Friluftsliv: Natur som kilde til helse og livskvalitet*. (Meld. St. 18 (2015-2016)) Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/9147361515a74ec8822c8dac5f43a95a/no/pdfs/stm201520160018000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet (2017) *Rammeplan for barnehagen. Innhold og oppgåver*. Oslo: Pedlex

Moser, T. (2018) *Motorikk, utvikling og læring-en kort innføring i grunnleggende begreper og forståelser*. I Moser, T. (red.) *Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse*. 3. utg. (s. 130-152) Oslo: Gyldendal Akademisk.

Nilsen, A., Anderssen, S., Johannessen, K., Aadland K., Ylvisaaker, E., Loftesnes, J. & Aadland, E. (2020) Bi-directional prospective associations between objectively measured physical activity and fundamental motor skills in children: a two-year follow-up. *International Journal of behavioral nutrition and physical activity*. DOI: 10.1186/s12966-019-0902-6

Nilsen, A., Anderssen, S., Loftesnes, J., Johannessen K., Ylvisaaker E., & Aadland E. (2019): The multivariate physical activity signature associated with fundamental motor skills in preschoolers, *Journal of Sports Sciences*. DOI: 10.1080/02640414.2019.1694128

Orgeret, K. (2018, 12.09) *Intervju*. Henta fra: <https://snl.no/intervju>

Osnes, H., Skaug, H. (2015) *Kroppslig lek, fysisk miljø og helse i barnehagen*. Første steg, 2/2015.

Osnes, H., Skaug, H. (2015) *Kroppslig lek, voksenkontakt og sosialt lekemønster i barnehagen*. Første steg, 2/2015

Osnes, H., Skaug, H., Kaarby, K. (2020) *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen*. (3.utg. ed.) Oslo: Universitetsforlaget.

Rasmussen, T., H. & Jørgensen, E. (1996). *Orden og kaos: Elementære grunnkrefter i lek*. Stokke: Forsythia.

Sandseter, E. (2018) *Det opplevelses-og spenningssøkande barnet*. I Moser, T. (red.) *Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse*. 3. utg. (s. 54-64) Oslo: Gyldendal Akademisk.

Schmidt, R., A. (1991). *Motor Learning & Performance From Principles to Practice*. Seattle, WA USA: Human Kinetics Books.

Sigmundsson, H., Pedersen, A., V. (2000) *Motorisk utvikling. Nyere perspektiver på barns motorikk*. Oslo: SEBU Forlag

Skår, M., Follo, G., Gundersen, V., Ingebrigtsen, K., Stordal, G., Tordsson, B., Wold, L., C. (2016) Barns lek i natur-i spennet fra selvutfoldelse til kontroll. *Norsk senter for barnehageforskning*. Barn 2, s.39-56.

Storli, R. (2018) Bevegelseslek i barnehagens uteområde. I Moser, T. (red.) *Kroppsighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse. 3. utg.* (s. 345-362) Oslo: Gyldendal Akademisk.

Ulset, V., Vitaro, F., Brenden, M., Bekkhus, M., Borge, A., I., H. (2017) Time spent during preschool: Links with children's cognitive and behavioural development. *Journal of Environmental Psychology*. Henta frå:
<https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2017.05.007>

9.0 Vedlegg

9.1 Intervjuguide

Kva utdanning har du?

Kor mange år har du jobba i barnehage?

Kor mange år har du jobba på nåværende arbeidsplass?

Kva legg du i begrepa:

- Fysisk aktivitet
- Motorikk
- Læring
- Ferdigheter

Eg forklarer kva eg legg i begrepa leikeplass og natur: Leikeplassen er uteområdet til barnehagen, medan naturen er alt av område utanfor barnehagen.

Naturen som arena:

Korleis meiner du at naturen kan vere ein arena for motorisk utvikling?

Rammeplanen seier at barnehagen skal bidra til at barna kan vidareutvikle motoriske ferdigheiter, kroppsbeherskelse, koordinasjon og fysiske eigenskapar. Korleis jobbar dykk med dette i barnehagen?

Jobbar de målretta eller tilfeldig med fagområdet «kropp, bevegelse, mat og helse»? Har du eksempel?

Når de har pedagogisk opplegg med barna ute: Kven lagar opplegget og kven gjennomfører det?

Kva er styrker/svakheter med planlegginga og gjennomføringa?

Kva opplev du at barna gjer når dei er på leikeplassen? Korleis er bevegelsesmønsteret deira?

Kva opplev du at barna gjer når dei er i naturen? Korleis er bevegelsesmønsteret deira?

Er det frileik/organisert leik? Kvifor?

Kor mange timer tilbringer de ute i løpet av ei veke?

Kor mange av timane er de utanfor leikeplassen?

Er du einig i påstanden: barna har større utbytte av å vere i naturen enn på leikeplassen

Begrunn svaret

Brukar de observasjonsskjema for å kartlegge motorikken til barna?

Kva brukar de observasjonane til?

Kjønn og likestilling:

Kva haldning har du til likestilling av jenter og gutter i barnehagen?

Er personalet bevisst på å ikke skape kjønnsforskjellar i t.d. risikoleik? (til dømes at gutane skal tåle ein støyt, medan jentene ikkje treng å tåle det)

Tenker du at kjønnsforskjellane blir tydelegare på leikeplassen/i naturen? Kvifor?

Korleis jobbar de med barn med motoriske utfordringar knytt til å vere i naturen?

Personalet sine haldningar:

Kva haldningar har du til å vere i naturen?

Kva opplev du er personalet sine haldningar til å vere i naturen?

Har de utarbeidd ei felles forståing (planar, mål etc.) som alle er innforstått med? Kva bygger denne på?

Kva haldningar opplev du at foreldrene har til at barna er mykje ute?

Kva opplev du av utfordringar knytt til foreldresamarbeidet som kan vere hindrande for å vere i naturen?

Kva hindringar/utfordringar opplev du når det kjem til å vere mykje i naturen?

Kva tankar har du om dei vaksne sin deltagelse i leik?

Kva gjer barna når personalet har pauseavvikling/møter etc.?

Kva tankar har du rundt kvaliteten av denne tida?

9.2 Informasjonsskriv til respondentar

Behandlingsansvarleg institusjon:

Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal.

Student: Ingeborg Flatjord Kjøsnes

(+47 95302590/ ingeborgfk@gmail.com)

Rettleiar: Kjersti Johannesen

(kjersti.johannesen@hvl.no)

Eg (Ingeborg Flatjord Kjøsnes) ønsker deg som respondent til bachelor oppgåva mi.

Formålet med prosjektet er å undersøke korleis barnehagen jobbar med naturen som arena for barns motoriske utvikling. Opplysningane skal brukast til å undersøke og svare på problemstillinga. Metoden for innhenting av opplysningar er eit intervju med lydopptak, som seinare blir transkribert og anonymisert.

Prosjektet avsluttast 7. Januar 2021. Personopplysningar blir sletta når intervjuet er transkribert.

Respondent vil vere anonymisert i oppgåva. Opplysningane blir behandla konfidensielt, og det er kun eg som har tilgang til personidentifiserbare data. Eg har også taushetsplikt.

Deltakinga er frivillig og respondent kan gjennom heile studien trekke seg utan å oppgje grunn.

Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forsking, NSD-Norsk senter for forskingsdata AS.